

NORSK Etnologisk Gransking

Emnenumr. [35] Gjølvahl emne

Tilleggsspørsmål nr.

Emne:

Brygging av heimeøl

Oppskr. av:

Janas Lea 76 år

(adresse):

Fylke:

Rogaland
Vårhaug

Herad:

Bygdelag:

Gard:

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskriften er etter eiga røynsle.

Det er ikke eigen røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Nedskrive og samla 1850 i sam-
 band med Arne Løge Vigreshaas 80 år gammel.
 og han hadde bryggt.

Sola i 1953. J. S. L.

OM BRYGGING AV HEIMEØL.

Alt før Kristi tid har folk hatt kjennskap til øl, dei har brukt øl og mjød til selskapsdrykk og til matmål. Truleg er det langvegsfarande som har lært kunsten ute og ført den med seg her til lands. Vi veit at kongar og hersar og gjæve bønder samlast til drikke- og etar-gilde då som no. Dei sat ved store langbord, heldt talar og ga heilage lovnader som dei så sanna med bragebæger i øl og mjød.

Smått om senn kom ølbrygging og bolla med rose måling meir i bruk og vart eit ålmenneige. Det er mykje mat i godt drikka, sa eit ordtak dei levde etter og trudde på. Difor var det og ei ære for den mannen eller kona som kunne laga godt øl, og enno lever folk som har vore med og veit korleis dette gjekk for seg på gamal vis. Og enno står att rester av kvernstader der dei turka malt og kunne grøppa korn.

Jau øl måtte dei ha til slått og dugnad, til ferdafolk og i høgtid. Ymse framgangsmåtar har skift, og alle gjorde det ikkje likt. Dei visste lite om kjemi og gjærssopp i den tida, men dei visste om løynde krefter og bygde på røynsle frå far og farfar. Ei gamal rekning har vore: ei tynne øl av ei tynne malt, men så tjukt øl eller så lite vatn i bruka dei ikkje her. På desse kantar rekna dei eit spenn korn (9 kg) til eit anker øl (ca. 39 l). Spiring og turking.

Dei tok ein sekk eller dask korn og søkkte ned i bekken 2-3 dagar til dess det mjukna. Så vart det drege opp, køyrt heim og dei let vatnet renna godt av det. Dei la det utover stove loftet i eit 6-7 tommer tjukt lag, og breiddde godt over for å få det til å gro jamt og snart.

No er det så laga at kornet må ha luft, fuktighet og 7-8 graders varme før det spirer. Fyrst kjem rotspira, deretter bladspira. Rota meler margen i kornet til mat og lagar samstundes eigen varme til det nye livet, men den grøne bladspira må ikkje få koma fram. Difor passa dei nøye på spiringa og stoppa den etter 7-8 dagars groing. Då hadde kornet fått passe lodne rotspirer og kallast malt. Det såg ut som ei samanfiltra kake. Når dei reiv det opp og la det utover i eit tynnare lag til førebels turking, heitte det at dei braut maltet. Dei rødde i det og skufla om eit par dagars tid.

Den siste og vanskelegaste turkinga gjekk føre seg i turkehus ved kverna. Ikkje alle turkehus hadde terre for malt, og ei vanleg

tusse med rørar og malmhelle gjekk ikkje an. Det vart for sterk og brå varme. Til malt vart murd opp ein avlang kasse i ei krå, ca. $1\frac{1}{2}$ m x 80 cm brei og omlag 1 m djup, av leir og stein. Inn i den eine enden kom eit lite eldrom med steinhelle, brunehelle, over. Ovantil hadde kassen ein trekarm, og mellom den og murkanten låg ei rad lekter på tvers. Lektene vart dekte med eit lahalje, og oppå haljen kom så maltkornet som skulle takast i eit tynt lag på omlag 3 tommer.

-Sjå snitt a og b.-

Dei brukte torv til brenne, og måtte vera sers varsame med eldinga. Røyken laut finne seg veg sjølv, han sila ut i hytt og ve. Det kunne sakte hende at haljen tok fyr og maltet brann opp.

På slik dagar var det å koma seg opp i otta, det gjekk ein spilande dag til å få maltet turt. Dei kjende med handa, knepte og beit i kornet og fylgte nøye med til dess det var passeleg. Når maltet skulle takast att, grov dei opp det som var å få, resten kom att i botnen på terren. Noko datt ned på den varme hella og vart brunt. Av det kjem mamnet brunehella. Ølet fekk farge og smak både av det og av einer og humle som seinare kom til.

Grøpping.

Sume tok no maltet heim på loftet og grøpte, knuste det på ei såkalla salt- eller hand-kvern som dei drog med hand, rundt og rundt ved hjelp av ein stake med pigg i. Staken sveiv i eit hol oppe i ei fjøl som var festa til to takåsar, bjødnabjelkane, og saltkverna låg på ein kasse eller ei avskori tynne, eller ho låg på kjøkkenbenken. Der vart ^{ho}dregen med ein laus pinne i eit hol i kverna. Elles nytta dei utekverna der dei hadde høve til det.

Meiskring og uttrekk av malt.

Dei hadde grøpet opp i eit kjeradl, ein stamp, slo kokande vatn over og rørde massen ut til ein graut. Det heitte at deim meiskra og stampa maltet før det gjekk over i mesje- eller oppstø-kjeret. I oppstøkaret låg først eit lag halje, eksa kornband av rughalm, glatte reine strå, så frisk einer med underlag av klosser og trespiller. Underbur vart det kalla. Her tømde dei grauten utover og slo kokande vatn på. Maltgrauten var så tett at vatnet stana eit bøl og trekte. Så var det "på 'an" att, med nytt kokande vatn fleire gonger, men ingen brukta meir vatn enn etter plan og opplegg. Nemninga "kokande vatn" skal ikkje takast bokstaveleg, det var nok kolna litt. Malt tåler ikkje over 79 grader C.

Den uttrekte vørter vart etterkvart tappa av i botnen på oppstø-kjeraldet. Til karet høyrde ein lang tapp så dei til kvar tid kunne tappa ut. Ei mjølkekolle høvde godt til å setja under og tappa i.

Andre kar hadde tappehol på sida med toppa av tre, eit holtspuns dei sette tappen i. Det var litt helling på karet. Innanfor laga dei ein kunstferdig sil ("skjerareiret") av friskeinerlauv. Den skulle hindra skal og rusk frå å koma ned i vørteren. Her brukte dei og kokande vatn fleire gonger, rørde i vørteren og tappa ut. Når det meste var uttrekt laga dei tunnel på restane og fekk leskedrykk til kvardagsbruk og drav til dyremat av det.

Tilsetjing av humle.

Brygginga gjekk mykje for seg i kjøkkenet og kjøkkengangen (fossstauå) ikkje langt frå grua. Frå oppstøkjeret tappa eller ausa dei vørteren over i gryta der den fekk eit oppkok og vart tilsett humle (100-200 g til loo liter). Humla var dyr og kravde kontantar.

I eit oppbevara brev frå M. Michalsen av 18.august 1831 til Tønnes Odland (Egersund) om sal av sild og heimkjøp av salt og tønnestav m.m. bed han om at Tønnes må få skipper Rasmus Larsen på jakt "Fortuna" i Egersund til å kjøpa: "Vis at det er god pris (på silda) og god humle i Gottenborg; da Kiøb 1 sek fra 12 til 16 L.pd." - 1 lispond = 8 kg.-

Gjæring.

Siste akt kom når vørteren var kolna til ca. 22 grader C, og humla sila av. Då gjekk satsen over i bryggje- eller gongekjeret også kalla gongestrokken. Desse ymse slags kjerald var helst av eik og kunne gå i lån. Eit kjer var oftast vidt i botnen og smalare ovantil, med diameter i botnen på 70-80 cm og høgd 90 cm omlag, men formen på kjeret kunne og vera som ein stamp.

Ølgjæren fylgte med og heldt seg frå år i gongekjeret, som difor ikkje måtte gjerast reint. Andre brukte gjærstokk, ein firkanta klosse med holer på kryss og tvers oppetter, og her heldt kveiken seg vedlike frå gong til gong i turka tilstand. Dei dekka godt over med stripete og "rånnete" åklede og let det stå urørt, kanhende rørde dei om litt første dagen.

Dei måtte gje nøye akt på gjæringa. Etter eit par dagars tid stod gjerne kona eller mannen opp i otta for å sjå til ølet. Når det sluttar å gå skumma dei rusk og fraue og tappa av. Sume var så varsame at dei ausa opp og ville ikkje ha med berm frå botnen. Heile prosessen med å få ølet over på anker kalla dei å skaka opp, og det høyrde med til god tone å gå med skakedrykk til grannar som skulle smaka det nye ølet. Dei fulle ankera vart borne ned i kjellaren, godt tilspunsa til ettergjæring og seinare bruk.

Kvart anker hadde eit spunshol på midten, ca. 3 tommer i tverrmål, og eit lite attmed, eit sikkhol til å sleppa inn luft under tappinga. Av andre saker kan vi nemna firkanta tretrakt, toppa av tre og birhane, og sume brukte berre hevert i spunsholet. Det var ei lang blekkpipe med utviding ovantil der dei suga opp ølet, og slepte det ut att i krus og kjerald.

I eit gammalt skifte frå 1771 etter Lisbet Olsdotter Djøseland, som hadde vore gift andre gongen med Hans Pedersen Djøseland, står oppført: "1 Øle Tønde -2 ort. 7 Øle Ankere 2 ort 8 skilling og 1 halv Anker 6 skill."



Eit skifte frå Ånestad i Varhaug av 12. juni 1778 syner at dei har hatt: 4 halv Ankere a 8 sk.= 1 ort 8 sk. 1 Brøggekar 1 ort. Skiftet var halde etter krav frå enkemann Tøsten Larsen Ånestad, "aom vil overlade sit Boe til Skifte og deeling mellom hans udi Egteskabet med forlengst afdøde Mallene Rasmusdatter og Ragnhild Erichs Datter avlede Børn som ere 1 sørn og 4 døtre.

Skikk og bruk.

Det var mykje kos med gamle ølboller. Sirlige bokstavar kring dei var prydnaden, kva anten der stod "drikk og ver glad" eller noko som "når ølet går inn går vitet ut." Ingen såg skeivt på øl til heimebruk. Det skulle så vera både til høgtid og i gravøl. Kanskje var folk like godt farne då, når dei vart bydde eit krus med brusande nytappa øl, som no med krutsterk kaffe og søte kaker. Det var enklare servering. Når folk skulle til myrs og skjera torv tok dei med ein liten strokk øl eller tunnøl. Det va ein kagge på 3-4 liter som gjekk frå munn til munn. Dei drakk ør spunsholet. Mjølka sprengde dei i den tida til øloast.

Vanleg heimeøl var sterke øl enn no tildags, truleg 7-8% alkohol, men med lite vatn i og heldig gjæring kunne det verta endå sterke. I Varhaug har bruk av heimeøl halde seg til for 50 år sidan. Det fanst bryllaup som varde tre dagar tilende, med spele mann, dans i bua og ølanker på loftslemen. Sume kunne få uheilt øl, og det var følare enn følt når bryllaupsgjestene bortpå natta fekk vondt i magen og det som verre var.

Ein og annan staden kunne dei gjera venne-teneste og bryggja for andre. Det er fortalt ei soge om ein mann som skulle køyra heim øl til barnedåpen, deira, barnsøl. Då han hadde køyrt eit stykke, kom det meir gjæring og liv i ølet. Spunset skaut, hesten skvatt og mannen kom i åvelta. "Klukk, klukk, klukk," sa det i øltønna. "Eg høyre deg, men eg kan inkje hjelpe deg," mumla mannen i ørsla.



Tverrsnitt B:

sett ovenfra der lekten ber opp
halje og malt.

Det skraverte er steinhella over
oldstader.